

Takseringsrapport og avgjerd vedr Småviltjakta på Nes 2025

Jaktutvalet viser til forvaltningsstrategi frå 2015 og seinare år. Fjff er aktive innan forvaltning, småviltjakt, fellefangst og åtejakt. Vi har årleg sonetaksering, for deretter å vurdere tilrådeleg jaktuttak. Det har vore 3 ekvipasjar i arbeid, over 4 dagar denne hausten.

Det har vore fleire år med varierende klekkeforhold, og årlege store årlege variasjonar mtp snøsmelting, nedbør, temperatur og bær/ insekttilgang. Vi har tenkt klekkeperioden relativt grei, men registrerte tørkeperioden, som gav mindre bær og insekt. Vi har dei siste åra sett ein ganske stabil stamfuglbestand, dvs antal revir/par i terrenget. Men årleg stor variasjon i kyllingproduksjon/overleving. Kyllingane i 2025 har vore store, og truleg frå første legging.

Fjellrypene som vart observert av sauesankarane, var sporadisk, og med få kyllingar. Takseringsrapporten på lirype i 2025 viste ein kyllingproduksjon på **1,4** per voksenpar. Som er ein nedgang frå 2024 – 3,6 (2023- 2,1) (2022- 2,0) (2021- 3,7) (2020- 3,5) (2019- 1,6) (2018- 5,2) (2017- 4,1) (2016- 3,8) (2015- 1,1) Vi ser at våre takseringar for 2025, samsvarar med samanliknbare terreng her i vest. Det har vore ein generell nedgang, og fleire områder er stengde for jakt i 2025.

Observasjon av hare, orre og kullstorleik, er fortsatt stabilt lav. Vi har dei siste åra ikkje funne bestandane store nok, til å forsvare for jakt på desse.

Sidan vi starta med åtejakt på Nes (Vona), i 2019, har det vore teke ut 36 rev. Og sidan vi starta fellefangst etter mår og røyskatt i 2003, over 60 mår, og over 30 røyskatt. +kråke-ravn. Det er eit tid/ressurskrevjande arbeid, men vi håpar at predatorkontrollen på sikt vil gje resultat. Vi søkte i 2023, og fekk økonomisk støtte til forvaltningsarbeidet frå Utviklingsfondet i Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde. Dette vil gjere vårt arbeid lettare, mtp utgiftene i forvaltningsarbeidet.

Dei vermessige påverknadane under klekkinga er svært avgjerande, og av stor betydning for overlevinga til kyllingane i terrenget. Veret er den faktoren vi ikkje kan påverke. Vi ser ila året ei stabilt høg mengde av dei freda predatorane, ørn, hauk og falk. Noko mindre under takseringa då, smågnagarbestanden har krakka. Dei frada rovfuglane er òg av dei faktorane vi ikkje kan påverke. Det var mykje smågnagar vinter-vår og sommar 2025, og dette skulle normalt lette predasjonspresset på småviltet for inneverande år. Det er tidlegare påvist parasitten Eimeria, som òg har ein ukjend innverknad på rypebestanden.

Vi stiller oss undrande til den svake kyllingproduksjonen denne hausten, då vi ikkje opplevde klekkeperioden i juni/juli særst utfordrande. Samme trend gjeld for fleire terreng på vestlandet, m.a Gaularfjellet/Grøfjell.

Vi tenker vi har god predatorkontroll, så grunnen til dette utfallet hadde vore interessant å sett fasit på. FJFF har avtalefesta med grunneigarane, å drive bærekraftig forvaltning og hauste av overskotet.

Med eit resultat på 1,4 kyllingar per voksenpar, **vert det ikkje jakt i 2025**, men predatorarbeidet for betre levekår for småviltet, vert enno viktigare. Med tanke på at vi så langt har klart å ta vare på stamfuglen i terrenget, er vårt håp at ved optimale klekkeforhold, skal vi igjen kunne få oppleve flotte jakt dagar i Nes-terrenget. (PS: Det vert heller ikkje jakta ryper og orrfugl på Vona i 2025)

For Jaktutvalet (Nes- terrenget)
Rune Olsbø.

